



GENERALADVOKATEMBETET

VIRKSOMHETSRAPPORT ANDRE TERTIAL 2022

Postadresse:
Postboks 651 Sentrum
0106 OSLO

Kontoradresse:
Karl Johans gate 18 C
0159 OSLO

Telefon: +47 22 70 87 50
Militær telefon: 510 5681
E-post: post@generaladvokaten.no
Hjemmeside: www.generaladvokaten.no

Innhald

1.	LEIARS BERETNING.....	3
2.	REFERANSER OG RESULTATKRAV FOR 2022.....	4
3.	BEMANNING	4
4.	MÅLOPPNÅING: OPPDRAG MED RESULTATKRAV	5
4.1.	Saksbehandlingstid og saksomfang	5
4.2.	Ubehandla saker.....	6
5.	SAKER UTAN RESULTATKRAV OG ANNA ARBEID.....	7
5.1.	Krigen i Ukraina.....	7
5.2.	Varslingssaker i Forsvaret.....	7
6.	REKNESKAP	8
7.	STYRING OG KONTROLL	8
7.1.	Risikovurderingar.....	8
7.2.	Økonomisk internkontroll	9
7.3	Sakleg internkontroll.....	9
	VEDLEGG 1: OVERSIKT OVER FORBRUK PR. ANDRE TERTIAL 2022	10

1. LEIARS BERETNING

Generaladvokatembetet har to hovudoppdrag med resultatkrav. Det første er knytta til straffesakskjeden, som militær påtalemakt, og det andre er knytta til det militære disciplinärsystem, ved bistand til tilsynet med utøvinga av den militære disciplinärmakta. Dernest har Generaladvokatembetet eit særleg oppdrag med å planlegge og forberede den militære påtalemaktas verksemd i krig.

I tildelingsbrevet er Generaladvokatembetet bedt om å gi ei kortfatta rapportering andre tertial 2022. Denne rapporten dekker derfor både første og andre tertial 2022 og konsentrerer om avvik knytt til rekneskap og resultat. Rapporten inneholder også oppdaterte risikovurderingar.

Generaladvokatembetets samfunnsoppdrag er tett knytt til Forsvaret. Embetets portefølje vil speile Forsvarets virke og organisering. Bruken av Forsvarets betydelege materielle og menneskelege ressursar skal vere i tråd med reglane som gjeld for maktbruk – både i fred, krise og væpna konflikt, i Norge og i utlandet. Den militære kommandostyresmakta skal mellom anna brukast til å syte for at maktbruken er regelstyrt. Generaladvokatembetet skal støtte militære sjefar til å treffe adekvate reaksjonar ved brot på reglar, med heimel i kommandostyresmakta, og til å sørge for at dei riktige sakene hamnar i det straffeprosessuelle sporet.

Ved utgangen av andre tertial har det vore merkbart fleire førehandsutsegn i disciplinärsaker enn til same tid i fjor. Auka skuldast mellom anna eit auka fokus på saker som gjeld mobbing og seksuell trakassering. Samstundes har det vore ein nedgang i talet på kontrollerte refsingar, noe som mellom anna kan skuldast økt rapportering og betre rutinar i Forsvaret frå i fjor og færre refsingar for brot på covid-restriksjonar enn i fjor. Dei samla resultata er gode for Generaladvokatembetets oppgåver med resultatkrav.

Generaladvokatembetet opplever – i 2022 som tidlegare – eit godt samarbeid med Forsvaret generelt og militærpolitiet spesielt.

Den økonomiske situasjonen og personalsituasjonen ved embetet er sårbar for endringar. Ved utgangen av andre tertial er generaladvokaten på veg ut i ulønna permisjon, og ein arbeider med å tilsetje ny kontorsjef. Samstundes er ytterlegare to permisjonar på trappene. Embetet ligg an til eit lite mindreforbruk foreløpig, men dette kan auke som følge av plutselige endringar i personalsituasjonen før utløpet av året. Ein reknar likevel den økonomiske situasjonen som forsvarleg.

Oslo, 30. september 2022



Sigrid Redse Johansen

generaladvokat

2. REFERANSER OG RESULTATKRAV FOR 2022

Tertiarrapporten tar utgangspunkt i følgjande referansar:

- Justis- og beredskapsdepartementets tildelingsbrev 19. januar 2022 med påfølgjande endringar/tillegg i brev 23. mars 2022 og 21. juni 2022.
- Møtereferat frå etatsstyringsmøtet 10. mars, datert 17. mars 2022.
- Økonomiinstruks for generaladvokatembetet 19. mai 2008.
- Instruks for generaladvokaten og krigsadvokatane, kgl. res. 13. juni 1997.

Følgjande resultatkrav er fastsette i tildelingsbrevet for Generaladvokatembetet:

- | | |
|--|-----------|
| • førehandsutsegn i disiplinærssaker | 14 dagar |
| • behandling av klagar på disiplinære refsingar | 10 dagar |
| • kontroll av vedtekne disiplinære refsingar sendt embetet | 14 dagar |
| • påtaleavgjerder | 120 dagar |
| • utsegn til politi, påtalemakta og andre etatar | 30 dagar |

3. BEMANNING

Per 31. august 2022 har Generaladvokatembetet følgjande bemanning:

Generaladvokaten

- Generaladvokat – Sigrid Redse Johansen
- Rådgjevar – Janne Ekornrud (40 % stilling)
- Seniorkonsulent – Geir Otto Johansen (80 % stilling, 20 % AFP)
- Pensjonist – Arne Willy Dahl (pensjonistvilkår f.o.m. 01.03.2016)

Krigsadvokatane for Sør-Norge og Nord-Norge

- Førstekrigsadvokat – Bödvar Ingvarsson
- Krigsadvokat – Stine Maria Aarnseth
- Krigsadvokat – Caroline Moen
- Krigsadvokat – Birgitte Weyde
- Krigsadvokatfullmektig – Athina Rachlew

Generaladvokat Sigrid Redse Johansen går ut i permisjon frå og med 1. oktober 2022 til og med 30. september 2023 for å tiltre eit engasjement i Forsvaret. Førstestatsadvokat Reidar Bruusgaard ved Riksadvokatembetet er konstituert som generaladvokat i same periode.

4. MÅLOPPNÅING: OPPDRAG MED RESULTATKRAV

4.1. Saksbehandlingstid og saksomfang

Generaladvokatembetet rapporterer på følgjande fem sakstypar med resultatkrav som lista opp i punkt 2 over: førehandsutsegn i disiplinærssaker, behandling av klagar på disiplinære refsingar, kontroll av vedtekne disiplinære refsingar sendt embetet, påtaleavgjerder og utsegn til politi, påtalemakta og andre etatar. Dei tre første sakstypane er knytt til bistand til Forsvarets utøving av disiplinärmakta og dei to siste til straffesakskjeden. Ei nærmere utgreiing av dei ulike sakstypane finst i Generaladvokatembetets årsrapport for 2021.

Ved utgangen av andre tertial 2022 har embetet gitt skriftleg (formell) førehandsutsegn i 110 saker, opp frå 85 på same tid i fjor. Sakshandsamingstida er på rett over 6 dagar, noe som er godt innafor kravet (14 dagar). I tillegg er det journalført juridisk rådgjeving gitt på telefon i enkeltsaker i om lag 150 saker, mot 130 saker på same tid i fjor.

Vi har uttalt oss i 14 klagesaker, mot 1 på same tid i fjor. Sakshandsamingstida er like over 7 dagar. Klagesaker har høy prioritet ved embetet. Blant årsakene til at talet på klagesaker er gått opp, er at eit sakskompleks i 2022 hadde 9 klagarar.

Vi har kontrollert 434 vedtekne disiplinære refsingar ved embetet så langt i 2022. Det er under halvparten av i fjor, da talet var 888, og tilbake på same nivå som i 2019, da talet var 464. Sakshandsamingstida er innafor kravet på 14 dagar, med eit snitt på 10,2 dagar.

Nedgangen i talet for kontrollerte refsingar kan til dels skuldast at det i 2022 er mindre etterslep frå tidlegare år. Betre rutinar for rapportering ved Forsvarets avdelingar gjorde utslag på statistikken i fjor, som da også innebar kontroll av refsingar som blei ilagt i 2020. I 2021 blei det også ilagt ei rekke refsingar i samband med handheving av smitteverntiltak i forbindelse med covid-19. Tilsvarande er ikkje tilfelle i 2022.

Det er fatta 5 påtaleavgjerder ved embetet. Desse omfattar innstillingar til statsadvokaten om å leggja bort saker. Auken i talet på saker, frå 1 på same tid i fjor, skuldast mellom anna ei auke i saker kor det har vore nytta tvangsmiddel. Sakshandsamingstida er på 54,6 dagar og godt innafor kravet på 120 dagar.

Det er gjeve totalt 4 utsegn til politiet i deira straffesaker. Sakshandsamingstida er på 23 dagar.

Rutinane for mottak og fordeling av saker og føring av arbeidsstatistikk blei endra frå januar 2021. Bemanninga ved kontora i Sør- og Nord-Noreg har vore meir jamn enn tidlegare år. Etter koronapandemien har det vore innført delvis heimekontor og faste kontordagar som ei fast ordning. Ein vurderer resultata samla sett som gode.

4.2. Ubehandla saker

Talet på ubehandla saker per 31. august 2022 er lavt og utgjer 5 saker totalt. Det er ingen restansar, men enkelte saker er satt på vent i påvente av tilbakemelding frå Forsvaret eller politiet.

5. SAKER UTAN RESULTATKRAV OG ANNA ARBEID

Ein generell gjennomgang av Generaladvokatembets resultat og oppgåver i saker utan resultatkrav kan ein finne i årsrapporten for 2021, som er tilgjengeleg på embetets nettside: www.generaladvokaten.no. Under følgjer det utgreiingar om einskilde saker som er av særleg interesse og/eller har vore særleg ressurskrevjande fram til og med tertiäl 2022. Arbeidet med undervisnings- og foredragsverksemder blir ikkje omtala spesifikt i tertiälrapporten, men i årsrapporten.

5.1. Krigen i Ukraina

Etter Russlands militære åtak på Ukraina den 24. februar i år, brukte generaladvokaten mykje tid på førespurnader frå media og offentlegheita elles. Spørsmåla famna mellom anna kven som er lovleg stridande i ei væpna konflikt, om og når norske personar kan slutte seg til ei framand militær styrke utan at handlinga er straffbar og kva slags handlingar som utgjer krigsbrotsverk. Utgangspunktet som generaladvokaten har lagt til grunn er nedteikna mellom anna i *Notat om einskilde rettslege spørsmål ved krigen i Ukraina*, som er tilgjengeleg på nettsida vår.

5.2. Varslingssaker i Forsvaret

Frå våren 2022 og i løpet av sommaren har media publisert ei rekke oppslag om varslingssaker i Forsvaret og korleis disse har vore handsama. Varslarar har delt si historie i offentlegheita. Det har vore hevda frå ulike hold at kritikkverdige forhold handterast for lempeleg, og at dette gjeld særleg der handlingane er utført av ei overordna overfor ei underordna. Fleire, både innafor og utafor Forsvaret, har teke til orde for at Forsvaret bør vedgå at det er ei *ukultur* i verksemda.

Generaladvokaten og krigsadvokatane har å gjere med ein del av varslingssakene ved at ein gir råd om *sporvalet*. Altså om ei sak bør vere ei straffesak, eller om ho kan handsamast som ei disiplinärsak med heimel i lov om militær disiplinärmyndighet. Om saka ikkje høyrer heime som disiplinärsak, men (einast) som personalsak, ligg det ikkje til embetet å gje tilråding om den vidare handsaminga. I samband med alle oppslaga i media har embetet arbeida med å oppdatere eigne tilrådingar og opplevd ei auke i talet på førespurnader frå militære sjefar og frå varslingsmottaka i Forsvaret. Vi har også diskutert vår eiga rolle i saker som opphavleg ikkje har vore tiltenkt å bli handsama etter disiplinärlova, irekna saker som inneheld seksuallovbrot. Dette kritiske arbeidet vil fortsetje.

6. REKNESKAP

Generaladvokatembetet er tildelt 9 159 000 kroner for 2022. I tillegg er det overført 3 000 kroner fra 2021 til 2022. Dette gir eit samla budsjett på 9 162 000 kroner for 2022. Ved utgangen av andre tertial (31.08.2022) hadde Generaladvokatembetet brukt 6 119 321,00 kroner. Ein oppstilling av forbruk og budsjett i driftsplanen pr. 31. august følger som vedlegg 1 til denne rapporten. Samla mindreforbruk var på 88 679 kroner ved utløpet av andre tertial. Mindreforbruket skuldast i hovudsak refusjon av sjukepengar.

Ved utløpet av andre tertial har det vore ei auke i konsulentkostnadene, noe som skuldast oppgradering av embetets gamle Doculive-system for journalføring. Embetet har ikkje eigne IKT-konsulenter, og Doculive-maskina er frittståande utan tilknyting til verken Forsvaret eller politiet. Formålet med oppgraderinga er mellom anna å kunne mediekonvertere delar av embetets fysiske arkiv.

7. STYRING OG KONTROLL

7.1. Risikovurderingar

Generaladvokaten er i tildelingsbrevet bedt om å gi ein oppdatert risikovurdering av verksemda i høve til mål og resultatkrav. I tidlegare verksemderapportar er tre risikofaktorar framheva: bemanningssituasjonen, embetets datasystem og embetets oppgåve som beredskapsembete.

Embetet har få tilsette og er derfor utsett for endringar i bemanningssituasjonen. Ved utgangen av andre tertial er det endringar i vente, idet generaladvokaten skal ut i ulønna permisjon, seniorkonsulenten skal pensjonerast og ein tilsett skal ut i fødselspermisjon. Det har også vore delvis sjukefråvær ved handsaminga av dei andre administrative gjeremåla. Ein arbeider nå for å tilsette ein ny kontorsjef.

Situasjonen når det gjeld embetets datasystem er til dels uforandra ved at embetet ikkje har tilgang til felles saksbehandlingsverktøy med politiet (BL). Samstundes er ein i dialog med Politidirektoratet og Riksadvokatembetet om ein skilde gjestetilgangar til BL for tilsette ved Generaladvokatembetet. I løpet av 2022 har ein også oppgradert journal- og arkivsystemet (omtala over).

Generaladvokatembetets oppgåve som beredskapsembete er framheva i risikovurderingane i tidlegare verksemderapportar, der det blei påpekt å vere ein reell risiko for ikkje å nå resultatkrava dersom det skulle bryte ut væpna konflikt. Situasjonen er uforandra når det gjeld beredskapsorganiseringa og dei fysiske mogelegheitene for å kunne handtera ein reell krigssituasjon i dag, men det er etablert samvirke med Forsvaret om embetets beredskapsplan, i tråd med kva som er førespegla tidlegare. Dessutan deltek generaladvokaten i ei arbeidsgruppe som skal fremja forslag om eit nytt beredskapsplanverk for Den høgare påtalemakta.

7.2. Økonomisk internkontroll

Ved Generaladvokatembetet går ein gjennom forbruk og budsjett ved utløpet av kvar månad. Gjennomgangen er tilpassa embetets organisering og størrelse og skjer i form av møter på generaladvokatens kontor, mellom generaladvokaten, embetets kontormedarbeidarar og førstekrigsadvokaten.

Embetet har økonomisk internkontroll automatisk for betaling av alle utgifter som er større enn 10 000 kroner. Utgifter av ein viss art eller størrelse under 10 000 kroner blir godkjent av generaladvokaten på førehand. Anskaffingar gjer ein i samsvar med lov om offentlige anskaffelser og dei rammeavtalar som er inngått av Statens innkjøpssenter ved Direktoratet for forvaltning og ikt (DIFI).

Generaladvokatembetet nyttar Direktoratet for økonomistyring (DFØ) som regnskapsfører og har også mottatt særskilt bistand med enkelte regnskapsoppgåver som i liten grad er tilpassa embetets størrelse.

7.3 Sakleg internkontroll

Embetet har ein sakleg internkontroll i form av generaladvokatens fagleiing av krigsadvokatane. Fagleiinga skjer i det daglege og i forbindelse med dei såkalla krigsadvokatmøta, som ein tar sikte på å halde to gongar i året, og eit årleg militært påtalemøte.

For å betre kontrollen med sakshandsamingstider, restansar, statistikk, fristar og oppgåvefordeling, nyttar ein det enkle saksverktøyet «Roar» for å hente ut samla resultattal. I tillegg er post- og sentralbordtenester samla ved kontoret i Oslo.

VEDLEGG 1: OVERSIKT OVER FORBRUK PR. ANDRE TERTIAL 2022

Konto	Beskrivelse	Beløp i kroner	Budsjettet	Differanse
Personalkostnader				
5000	Faste stillinger	3 606 166,07		
5050	Overtid faste stillinger	53 371,65		
5210	Fri elektronisk kommunikasjon (telefon, mobiltelefon mv.)	0,00		
5250	Gruppelivsforsikring	0,00		
5290	Motkonto annen fordel i arbeidsforhold	0,00		
5400	Arbeidsgiveravgift	512 268,51		
5420	Pensjonspremie til SPK	351 781,20		
5800	Refusjon av sykepenger	-191 189,00		
5900	Gaver til ansatte (blomster og andre gaver)	3 544,00		
5910	Kantinekostnad	9 239,60		
5920	Gruppelivsforsikring (motkonto 1985- bruttobudsjetterte)	6 544,00		
SUM FORBRUK PERSONALKOSTNADER		4 351 726,03		
Driftskostnader bygninger				
6300	Leie lokaler	846 770,34		
6340	Lys, varme	140 988,31		
6360	Renhold lokaler	79 721,00		
6390	Annen kostnad lokaler	7 101,00		
6393	Alarm	8 496,78		
SUM FORBRUK DRIFTSKOSTNADER BYGNINGER		1 083 077,43		
Data- og regnskapskostnader				
6440	Leie andre kontormaskiner	13 419,94		
6540	Inventar	990,00		
6550	Datamaskiner (PCer, servere m.m.)	30 777,21		
6560	Andre kontormaskiner	5 389,22		
6700	Regnskaps-, revisjons- og økonomitjenester	15 003,08		
6720	Kjøp av tjeneste til løpende driftsoppgaver, IKT	197 749,76		
SUM FORBRUK DATA- OG REGNSKAPSKOSTNADER		263 329,21		
Kontorkostnader				
6800	Kontorrekkvisita	15 142,32		
6820	Trykksaker	4 359,20		
6830	Annonser	2 070,00		
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	23 138,00		
6860	Møter	9 455,91		
6870	Kurs og seminarer for egne ansatte	32 772,04		
6891	Annen kontorkostnad	41 577,92		
SUM FORBRUK KONTORKOSTNADER		128 515,39		
Kommunikasjonskostnader				
6900	Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	117 876,82		
6940	Porto	5 740,40		
SUM FORBRUK KOMMUNIKASJONSKOSTNADER		123 617,22		
Reisekostnader				
7100	Bilgodtgjørelse	6 333,08		
7130	Reisekostnad, oppgavepliktig	435,00		
7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	118 162,32		
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	42 089,00		
SUM FORBRUK REISEKOSTNADER		167 019,40		
Bank- og finanstjenester				
7770	Bank- og kortgebyr	2 036,36		
7772	Øreavrunding	-0,01		
SUM FORBRUK BANK- OG FINANSTJENESTER		6 119 321,03	6 208 000	88 679

